

Språkrådet sender med dette ut på allmenn høyring framlegg til utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn.

Kvenske stadnamn blir til vanleg skrivne i tråd med ålmenne skrivereglar for kvensk, det vil seie dei skrivereglane som er utvikla gjennom kvenske ordbøker og grammatikkar og gjennom vedtak frå Kvensk språkting. Dei eksisterande ålmenne skrivereglane er relativt nye, sidan kvensk som skriftspråk ikkje har hatt noka lang historie. Dette gjer at det enno manglar klare retningslinjer for somme delar av skriftspråket, og nokre av desse delane er ofte relevante for skrivinga av stadnamn. Dei føreslåtte reglane er meint å bøte på det som har konsekvensar for stadnamn.

Arbeidet med utviklinga av reglane har vore leidd av Språkrådet, jf. paragraf 15 i forskrift om stadnamn: «Språkrådet kan fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast.» Det vart i 2019 sett ned ei eiga arbeidsgruppa til dette føremålet, med fire medlemmer: *Irene Andreassen* (namnekonsulent for kvenske stadnamn), *Pål Kristian Eriksen* (rådgjevar for kvenske stadnamn i Språkrådet), *Katriina Pedersen* (tilsett ved Kvæningen språksenter, og tidlegare rådgjevar for kvenske stadnamn i Språkrådet), og ein tilsett frå Kvensk institutt (først *Anna-Kaisa Räisänen*, som seinare vart erstatta av *Aili Eriksen*, og ho igjen av *Mari Keränen*).

Regelsettet som denne gruppa kom fram til, vart i 2022 lagt fram for både Kvensk språkting og fagrådet for stadnamn i Språkrådet for innspel og endringar. Regelsettet som no blir sendt ut på høyring, er det endelege resultatet av denne prosessen.

Regelsettet er i tre delar. Første del tar for seg lydane på kvensk og korleis desse skal skrivast i kvensk rettskriving. Andre del tar for seg reglane for bruk av stor og liten forbokstav og bindestrek og mellomrom i kvenske stadnamn. Dette er den mest omfattande delen av regelsettet, og er òg det feltet i kvensk rettskriving der det har vore størst mangel på klare retningslinjer for stadnamn. Tredje del tar for seg lån frå andre språk (t.d. norske og russiske namn) i kvenske stadnamn, og korleis desse låna skal skrivast.

Gjennom denne høyringa opnar vi for å gjere ytterlegare endringar i regelsettet. Vi oppmodar difor alle interesserte til å setje seg inn i dei føreslåtte reglane, og sende inn høyringsfråsegn med synspunkt og innspel som bør vurderast. Vi oppmodar vidare dei kvenske/norskfinske foreiningane som får tilsendt dette dokumentet, om å distribuere det til alle sine lokallag, så høyringa kan nå ut til flest mogleg kvensktalande. Alle som ønskjer det, kan sende inn høyringsfråsegn. Vi oppmodar innsendarane til å formulere seg klart og kortfatta. Fråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte på nettsidene til Språkrådet. Høyringsfråsegner skal sendast på e-post til post@sprakradet.no seinast 01.12.2023.